



Arkivnr: 2018/8502-3

Saksbehandlar: Annbjørg Laupsa

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		04.09.2018
Fylkesutvalet		19.09.2018

Framlegg til tiltak for å sikre at Oppfølgingstenesta får kontakt med ungdom koda som "ukjent aktivitet". Konsekvens for kapasiteten.

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå OPHE 17.04.18 der Utval for opplæring og helse vedtok tilleggspunkt til sak 42/18 «Fråfall og oppfølging – tiltak».

«Ber om at fylkesrådmannen kjem tilbake med forslag til tiltak for å sikre at ein får oppretta dialog med dei elevane ein i dag tar kontakt med, men av ulike årsaker ikkje når fram til. Eventuelle konsekvensar for kapasiteten til OT og meirbehov skal og synleggjerast».

I denne saka gir fylkesrådmannen ein kort presentasjon av oppfølgingstenesta, og syner eit bilete av omfang og utvikling vedkomande gruppa ungdommar utanfor arbeid og opplæring. Saka inneheld også ein tabell som viser ungdom i ukjent aktivitet i fylke det er naturleg å samanlikna seg med.

Fylkesrådmannen vil fylgja førebelse tilrådingar i det pågåande arbeidet frå gruppa i Kunnskapsdepartementet som arbeider med oppfølging av *Riksrevisjonens undersøkelse av oppfølging av ungdom utenfor opplæring og arbeid (Dokument 3:99 (2015-2016))*. Arbeid med å styrka systematikken, kompetansehevande tiltak for dei som arbeider i OT, bruk av teknologi/app'ar og oppsøkjande kontaktarbeid vert vurdert som gode tiltak. Gode, fleksible tiltak er avgjerande for å stå fram som profesjonelle og så attraktive at ungdom og foreldre tek kontakt med tenesta. Teknologiske løysingar vil truleg appellera til ungdommane og gjera kontaktarbeidet lettare.

Intensivert kontaktarbeid/opsøkjande arbeid vil krevja ekstra ressursar for å unngå at det går ut over anna fråfallsførebyggande arbeid som t.d. tiltak som fører til opplæring, arbeid eller andre kompetansefremjande tiltak for OT- ungdommane våre som ynskjer kontakt.

I tida frå fylkesrådmannen leverte sak om ungdom i ukjent aktivitet (sak 42/18 - april 2018) og fram til i dag er det lagt ned mykje arbeid, og ein har arbeidd målretta for å få kontakt med denne målgruppa. Dette arbeidet har gjeve gode resultat, og Hordaland har i dag det lågaste registrerte talet på ungdom i «ukjent aktivitet». Bakgrunn for dette er den jamne og gode nedgangen i talet på såkalla ukjende frå november 2017 (20.03%), til februar 2018 (12%) og til juni 2018 (5,99%).

Økonomi: Ingen effekt på noverande tidspunkt

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Fråfallsførebyggande arbeid er svært viktig i eit folkehelseperspektiv

Regional planstrategi: Samfunnsøkonomisk nyttig å arbeida for eit inkluderande samfunn og betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet seier seg nøgd med arbeidet som Oppfølgingstenesta har gjort for å sikre betre oversikt over status for dei ungdomane ein ikkje har fått kontakt med. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gje ein ny status for arbeidet våren 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
konst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.08.2018

Oppfølgingstenesta (OT) er ei fylkeskommunal teneste som skal følgja opp ungdom mellom 16 og 21 år som har rett til opplæring, men som ikkje er i arbeid eller opplæring. OT skal hjelpa til i arbeidet med å redusera fråfallet frå vidaregåande opplæring gjennom samarbeid med grunnskulen og vidaregåande opplæring. Tenesta har også ansvar for å koordinera og samordna den tverrfaglege innsatsen for desse ungdommane.

OT arbeider etter Forskrift til opplæringslova § 13.1 – 13.4. Mandatet til OT er å rettleia ungdom inn i tiltak som fører fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse innanfor vidaregåande opplæring. OT skal ha oversikt over alle ungdommar i målgruppa, også dei som er koda som «ukjent aktivitet». Kontaktarbeid og registrering skjer gjennom heile året.

OT i Hordaland har 17 OT- rådgjevarar og ein leiar, fordelt på 16,4 årsverk. Tenesta har kontor på Stord, på Nesttun, i Bergen sentrum, i Åsane og i Odda. På Voss er OT samlokalisert med Voss gymnas.

Omfang/dagens situasjon

Pr februar 2018 var det 1858 ungdommar i OT si målgruppe i Hordaland. Av denne gruppa var 772 i aktivitet, 465 var under rettleiing frå OT og 233 var i ukjent aktivitet (388 var avklara). Dette er ein merkbar nedgang frå november 2017. (Nedgang på 7,47 prosentpoeng).

Tabellen under syner utviklinga dei to siste åra.

 Du ser på: **Begge kjønn** (kjønn), **Alle aldersgrupper** (aldersgruppe), **Alle tilmeldingskoder** (tilmeldingskode)

Maalgruppekode - Statusgruppekode - Statuskode	Juni 2016		November 2016		Februar 2017		Juni 2017		November 2017		Februar 2018	
	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland	Hele landet	Hordaland
- I målgruppe	18 334	1 844	14 831	1 534	16 277	1 700	17 978	1 920	13 747	1 593	15 316	1 858
+ Ukjent aktivitet	1 172	198	2 529	336	1 417	171	1 014	148	2 309	319	1 528	233
+ Under oppfølging og veiledning	4 586	425	3 565	345	4 036	440	4 191	467	3 259	339	3 738	465
+ I aktivitet	7 894	758	5 549	540	6 907	676	8 029	771	5 203	660	6 379	772
+ Avklart	4 682	463	3 188	313	3 917	413	4 744	534	2 976	275	3 671	388

Symbolforklaring

- * Tall som er unntatt offentlighet/skjermet
-  Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke sammenlignbare med tidligere år.

OT rapporterte 20. juni 2018 om 121 såkalla ukjende av ei målgruppe på 2019 ungdommar. Dette er ein stor nedgang, og er det lågaste talet «ukjende» OT har hatt. Målretta arbeid har gitt gode resultat. (Denne statistikken er tilgjengeleg i UDI i september 2018.) Talet på ungdom i «ukjent aktivitet» i Hordaland har gått jamt ned frå november 2017 til juni 2018 (14,9 prosentpoeng frå november 2017 til juni 2018). Det er ikkje tilgjengeleg tal som viser fordelinga mellom kommunane, men biletet dei seinare åra har vore nokså stabilt og viser at om lag 80 % av ungdom i ukjend aktivitet er frå Bergen.

OT har vore i kontakt med andre fylke for få informasjon/læra om korleis dei arbeider for å få kontakt med ungdom i målgruppa. Tabellen under viser kor mange unge som er registrert på rapporteringstidspunktet. Statusgrupper og –kodar viser kva som er ungdommen sin hovudaktivitet.

Du ser på: **Begge kjønn** (kjønn), **Alle aldersgrupper** (aldersgruppe), **Alle tilmeldingskoder** (tilmeldingskode)

Maalgruppekode - Statusgruppekode - Statuskode	November 2017						Februar 2018				
	Hele landet	Akershus	Hordaland	Oslo	Rogaland	Sør-Trøndelag	Hele landet	Akershus	Hordaland	Oslo	Rogaland
- I målgruppe	13 747	1 350	1 593	793	1 288	755	15 316	1 486	1 858	802	1 436
+ Ukjent aktivitet	2 309	384	319	508	72	110	1 528	181	233	319	78
+ Under oppfølging og veiledning	3 259	281	339	62	287	266	3 738	359	465	115	307
+ I aktivitet	5 203	341	660	84	662	219	6 379	462	772	156	747
+ Avklart	2 976	344	275	139	267	160	3 671	484	388	212	304

Symbolforklaring

- * Tall som er unntatt offentlighet/skjermet
- ✗ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke sammenlignbare med tidligere år.

Kjelde: Statistikkportalen UDI (<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-videregaende-skole/ungdom-utenfor-opplaring-og-arbeid/>) Lasta ned 26.06.18

Statistikk frå februar 2018 viser at i heile landet er 9,97% unge i målgruppa i «ukjent aktivitet». I Akershus er talet 12,18%, Oslo har 39,78% «ukjende» og Rogaland 5,43%. I Hordaland er talet på ungdommar i målgruppa i februar 2018 i «ukjent aktivitet» 12,54%. OT-tilsette har kontakta desse ungdommane ved hjelp av telefon, SMS eller e-post, utan at dei har gitt respons. Her har ein føreset at definisjonen av «ukjent aktivitet» er den same i alle fylka.

Tiltak som vil kunna sikra at OT får kontakt med ungdommane

OT må ha gode tiltak for å kunna lukkast med arbeidet. Reell hjelp til dei som er i ferd med å falla ut av opplæring og arbeidsliv vil gjera at OT står fram som profesjonell og føreseieleg, noko som vil kunna bidra til at unge som er koda som «ukjent aktivitet» vil svara på kontakten frå OT.

OT arbeider kontinuerleg for å vidareutvikla og byggja opp nye fleksible tiltak som kan setjast fort i gang når det oppstår behov. Det er trong for tilbod der ungdommen kan ta fag dei manglar for å få vitnemål eller fullverdig kompetansebevis. Lågterskeltilbod for å få arbeidstrening, der dei kan oppnå motivasjon og meistring, er det også trong for.

Samarbeid med NAV

Hordaland fylkeskommune har samarbeidsavtale med NAV, og dette samarbeidet mellom NAV, OT og fagopplæring fungerer svært godt. Det er gjennom NAV ungdommane får arbeidspraksis, som ofte fører til arbeid eller læreplass.

OT ynskjer å samarbeida med NAV om ein pilot med mål om å arbeida fram eit nytt verktøy for å oppnå kontakt med alle, for deretter å kunna gi utvida jobbsøkjarkurs og karriererettleiing, gjerne som gruppetiltak. NAV Laksevåg har starta eit prosjekt, *Ung jobb*, der OT er invitert inn.

Strukturelle endringar

OT ser behov for å ha tiltak/prosjekt som ser på eventuelle strukturelle endringar, og på samhandlinga OT har med interne og eksterne samarbeidspartnarar. Det er inngått eit samarbeid med konsulentfirmaet *Karabin* for å forbetra og utvikla eigne prosessar for å få kontakt med dei ungdommane som er i ukjent aktivitet. (Karabin har spesialisert seg på forbetningsarbeid).

OT har også vore i dialog med kommunikasjonsseksjonen i fylkeskommunen for å få hjelp til å marknadsføra tenesta, slik at dei i ukjent aktivitet lett kan ta kontakt med oss.

Fråfallsførebyggande arbeid bør prioriterast, og det må arbeidast med gode rutinar for gjennomføring av avklaringsamtalane. Dette er påbegynt, og rektorane er orientert om pågåande arbeid.

Oppfølging av riksrevisjonen sin rapport

Rapport frå Riksrevisjonen i 2016: «*Riksrevisjonens undersøkelse av oppfølging av ungdom utenfor opplæring og arbeid*» viste at det var behov for å intensivera arbeidet for denne gruppa. Det er sett ned ei ekspertgruppe med representantar frå sju fylke, inkludert Hordaland, to representantar frå Kunnskapsdepartementet og ein representant frå KS. Arbeidet skal munna ut i ei sak til fylkesopplæringsdirektørane (FFU) ved utgangen av året, der det skal leggjast fram forslag til fråfallsførebyggande tiltak.

I dette arbeidet vert det understreka kor viktig det er at OT får nok ressursar til å arbeida fråfallsførebyggande i skule og bedrift. Det er ressurskrevjande å driva kontaktarbeid/oppsøkjande arbeid for å oppnå dialog med dei OT har teke kontakt med, men som ikkje svarar. Kompetanseheving innanfor psykisk helse og det å gi råd og rettleiing ser det også ut til å vera behov for. Teknologiske løysingar vil vera til god hjelp, og det bør utviklast ulike digitale hjelpemiddel til bruk i kontaktarbeidet. Det er også ynskjeleg å oppretta chatteteneste i OT, der ungdom kan få kontakt.

Utfordringar

Ny personvernlov kan by på utfordringar når det gjeld kor langt ein kan gå i oppsøkjande arbeid mot ungdom som signaliserer at dei ikkje ynskjer kontakt/dialog med OT- tenesta. I denne saka er ikkje dette vurdert.

Konsekvensar for kapasiteten til OT og meirbehov

OT brukar store ressursar på ungdommane dei ikkje oppnår dialog med, og er uroa over at så mykje av arbeidsdagen går med til gjentekne gongar å freista oppnå kontakt med unge som ikkje svarar. Dette kan gå ut over anna fråfallsførebyggande arbeid. Når oppsøkjande arbeid vert intensivert, må ein unngå at det går på kostnad av arbeidet med å skaffa tilbod om opplæring eller arbeid, eller/og verdfullt tverretatleg samarbeid.

Oppsummering og konklusjon

OT følgjer opp ungdom mellom 16 og 21 år, og arbeider for å redusera fråfall frå vidaregåande opplæring. I dette arbeidet er det viktig å ha fokus på tverrfagleg samarbeid, og rettleia ungdommane inn i tiltak som fører til opplæring og /eller arbeid. OT sitt arbeid må gjerast betre kjent.

Talet på unge i «ukjent aktivitet» har gått ned det siste året, og er no på lågaste registrerte nivå. Dette kan ha fleire årsaker. Gode, fleksible tiltak kan vera ein av grunnane. Vidareutvikling av føremålstenlege og attraktive tiltak må prioriterast.

Samarbeidet med NAV fungerer godt, og det er trong for vidare samarbeid for å utvikla nye verkty til bruk i kontaktarbeidet.

Ein må ta på alvor uroa over tidsbruken som går med til å spora opp ungdom som signaliserer at dei ikkje ynskjer kontakt, då dette kan gå på kostnad av arbeid med ungdom som ynskjer rettleiing og hjelp frå tenesta. Målsetjing med OT- arbeidet er å få fleire unge til å gjennomføra/fullføra vidaregåande opplæring.

Med tanke på den positive utviklinga som er notert dei siste to åra, rår fylkesrådmannen til at det ikkje blir prioritert ytterlegare ressursbruk for å sikre at OT kjem i kontakt med målgruppa. Dersom status tilseier at innsatsen og systemarbeidet må styrkast ytterlegare, må det eventuelt tilførast ressursar i ein prosjektperiode for å unngå at anna viktig OT-arbeid vert sett til sides.